



Kvam herad
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND
Att: Rådmann Arild Steine

Dato: 12.11.2015
Vår ref.: 2015/6388-29
Saksbehandlar: elsaaro1
Dykkar ref.:

Svar på søknad om deltaking i kartlegging og utviklingsarbeid om gode lokalsamfunn som fremjar folkehelse

Viser til søknad frå Kvam Herad om deltaking i utviklingsarbeid knytt til Nærmiljø og lokalsamfunn i samarbeid med Helsedirektoratet 2015-17. Hordaland fylkeskommune takkar Kvam herad for at de tok dykk tid til å søkje om deltaking i travle sommarmånader. Vi set svært pris på at så mange av kommunane i fylket vårt viste interesse for utviklingsarbeidet.

Frå Hordaland søkte sju kommunar deltaking i prosjektsamarbeidet. Alle søknadane var gode og retta mot utviklingsmåla for prosjektet. Utifrå ein heilskapleg vurdering er fire kommunar inkludert i samarbeidet. Desse kommunane er Fjell, Askøy, Bømlo og Stord.

Hordaland fylkeskommune melder med dette om at Kvam herad ikkje får tilbod om deltaking som eksempekommune. Dette blei også informert om på telefon til kontaktperson Reidun Braut Kjosås i byrjinga av oktober månad.

Hordaland fylkeskommune fekk endeleg positivt svar om deltaking frå Helsedirektorat den 21.10.15. Som ein del av utviklingsarbeidet på regionalt nivå skal metodar, erfaringar og resultat av arbeidet kome alle kommunane i fylket til gode. Hordaland fylkeskommune vil kome tilbake til tidspunkt for regionale samlingar. Kvam herad vil bli invitert til slike samlingar.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Else-Marie Brobakke Aarø
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Reidun Braut Kjosås

